



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 24.05.2022  
**Møtestad:** Kommunestyresalen Flodmaal  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

Orientering og presentasjon av Bergen og omland friluftsråd(BOF)  
v/ daglig leder Dag Seter

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	Meldt forfall
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Siren Bruvik	SA	Varamedlem	Vara for Liv Anne Aanensen
Nathalia Osmo Yndestad	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
015/2022	Godkjenning av innkalling og saksliste
016/2022	Godkjenning av møteprotokoll
017/2022	Referatsaker
018/2022	Orienteringssaker
019/2022	Etablering av helsefellesskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1
020/2022	Forslag til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid gjeldande barnevernstenesta
021/2022	Høyring om betre polititjenester og beredskap

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/125

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/2022	Kommunestyret	PS	24.05.2022

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 015/2022

### KS - behandling:

Samrøystes vedteke

### KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	22/125

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
016/2022	Kommunestyret	PS	24.05.2022

## Godkjenning av møteprotokoll

### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

### Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 016/2022

### KS - behandling:

Spørsmål om oppfølging av sak om bustadutvikling. Rådmannen svarte at dette kjem tilbake som politisk sak.

Samrøystes vedteke

### KS - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 31.03.2022

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	22/125

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
017/2022	Kommunestyret	PS	24.05.2022

## Referatsaker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
017/2022.1	Protokoll 1-2022 Regionrådet Nordhordland, torsdag 17. februar

### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

### Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 017/2022

### KS - behandling:

Samrøystes vedteke.

### KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vathe Lilletvedt	FE-033	22/125

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
018/2022	Kommunestyret	PS	24.05.2022

## Orienteringssaker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
018/2022.2	Interkommunal plan for sjø - Planutvalet - møte 06.05.2022 - Referat
018/2022.1	Melding frå Statsforvaltaren
018/2022.3	Modalen kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 04.05.2022
018/2022.4	Stølsheimen verneområdestyre, møteprotokoll 04.04.2022

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

### Kommunestyret - 018/2022

#### KS - behandling:

- Orientering frå Bergen og Omlad Friluftsråd (BOF)
- 

Dagleg leiar Dag Seter frå BOF orienterte om organisering og oppgåver til BOF. Det er oppfordring frå Vestland fylkeskommune om at kommunar bør vere tilknytt eit friluftsråd med mål om å auke tilrettelegging og oppfølging av friluftsområder i kommunar.

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan med 12 deltakarkommunar i Bergensregionen: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnarfjorden, Alver, Samnanger, Tysnes, Øygarden, Vaksdal, Kvam og Osterøy. Friluftsrådet samarbeider med deltakarkommunane, offentlege etatar på like nivå og interesserte organisasjonar. BOF har forvaltningsansvar for 255 friluftsområder i deltakarkommunane.

- Orientering om planar for barnevernssamarbeid  
Oppvekstsjef i Osterøy kommune Olaf Hella orienterte om planar for barnevernssamarbeidet med Vaksdal og eventuelt Modalen:
    - Organisering av barnevern; 11 tilsette fordelt på to team
    - Osterøy er vertskommune
    - Samarbeidsrutinar
    - Status tiltak og forbetring
    - Overordna styring
    - Oppvekstreforma.
  - Orientering om bustadutbygging i Modalen  
Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om arbeid med bustadutbygging og ROS-vurderingar. Det er planlagt sak med nærare orientering til kommunestyret i eit seinare møte.
  - Orientering om rassikring og løyving, fase 3  
Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om fase 3 av rassikringsarbeidet og prosessen for å få på plass fanggerdet og erstatningsansvaret knytt til røykehuset.
  - Busetting av flyktningar  
Det er ikkje kome førespurnad om mottak og busetting av flyktningar i Modalen kommune enno, og kommunen følgjer opp saman med IMDI og UDI.
  - Eveny og konsesjonsvilkår 19, jf. vedtak i kommunestyret 20. januar  
Ordførar Kjetil Eikefet orienterte om oppfølging av dialog med Eveny om konsesjonsvilkår:
    - Fisketrappen i Hellandsfossen
    - Revisjon av konsesjonsvilkår
    - Tilstandsrapportar
    - Vidare prosjektarbeid.
  - Asfaltering fylkesveg  
Det er planlagt asfaltering på deler av fylkesveg 5412 i løpet av 2022.
- Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering



**Vedlegg:**

Modalen kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 04.05.2022

Interkommunal plan for sjø - Planutvalet - møte 06.05.2022 - Referat

Stølsheimen verneområdestyre, møteprotokoll 04.04.2022

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-046, TI-&01	22/122

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
019/2022	Kommunestyret	PS	24.05.2022

## Etablering av helsefellesskap - overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1

### Forslag til vedtak:

**Modalen kommune sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

23. oktober 2019 inngjekk Solberg-regjeringa og KS avtale om etablering av helsefellesskap i dei 19 helseføretaksområda. I helsefellesskapa skal representantar frå kommunane, helseføretaka, lokale fastlegar og brukarar møtast for å planlegge og utvikle helse- og omsorgstenester i fellesskap. Helsefellesskap er eitt av dei strategiske hovudgrepa i Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023, og avtalen gjev retning for:

- prioritering av dei mest sårbare pasient- og brukargrubbene (barn og unge, personar med alvorleg psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidningar)
- prinsipp for samarbeid og samhandling
- organiseringa av samhandlinga

Kommunar og helseføretak skal inngå samarbeidsavtale (jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 6-1 og Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. § § 2-1 e.). For å understøtte arbeidet i helsefellesskapet er det innført eit nytt krav om at den lovpålagde samarbeidsavtalen mellom kommunar og helseføretak (jf. helse- og omsorgstenestelova §6-2) skal konkretisere korleis dei skal 1) gjennomføre felles planlegging av tenester til pasientar med behov frå begge tenestenivå, og 2) involvere kvarandre i eige planarbeid med implikasjonar for den andre.

Det er lange og gode tradisjonar for samarbeid og samhandling mellom dei 18 kommunane og spesialisthelsetenesta i Helse Bergen sitt føretaksområde. Gjeldande samhandlingsstruktur og samarbeidsformer vart etablert allereie i 2009, og er avtalefesta i den overordna samarbeidsavtalen. Samarbeidet og samhandlinga i føretaksområdet byggjer på sentrale prinsipp og strategiske grep nedfelt i grunnlagsdokumentet. Operasjonalisering av strategiske grep skjer gjennom utarbeiding av felles årleg handlingsplan.

I mai 2021 sette dei 4 Overordna samarbeidsutvala i Helse Bergen sitt føretaksområde i gang eit arbeid med å revidere overordna samarbeidsavtale for å formalisere etableringa av helsefellesskap i føretaksområdet, og gjere naudsynte tilpassingar i det lokale avtaleverket i tråd med nasjonale føringar og lokale behov. Det vart nedsett ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å utarbeide eit forslag til revidert overordna samarbeidsavtale. Arbeidsgruppa har vore bredt samansett av personar frå både helseforetaka og kommunane.

Arbeidsgruppa har gjennomført til saman 5 møter i tidsrommet frå juni 2021 til april 2022. Arbeidsgruppa har gjeve samarbeidsutvala status for revisjonsarbeidet i møta september 2021, desember 2021 og mars 2022. Det har vore gjennomført to innspelsrundar i kommunane og spesialisthelsetenesta. Arbeidsgruppa har handsama og innarbeida innspela i revidert overordna avtale. Arbeidsgruppa har innhenta innspel frå brukarutval, fastlegar og tillitsvalte i kommunar og sjukehus.

Framlegg til revidert overordna samarbeidsavtale vart lagt fram for den politiske og administrative leiinga i kommunane og spesialisthelsetenesta på det årlege Toppleiarmøtet, april 2022. Endringane i revidert overordna samarbeidsavtale er av ein slik art at det er tilrådd at partane vurderer handsaming i kommunestyra og i styra i spesialisthelsetenesta. Det er eit mål at avtalen er ferdig handsama og signert innan 1. juli 2022. Ved å inngå avtalen med tilhøyrande tenesteavtalar og særavtalar vert den lovpålagde plikta til å inngå samarbeidsavtale oppfylt. Avtalen er juridisk bindande (jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 6-1 og Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. § § 2-1 e.)

Det er gjort fleire endringar i gjeldande overordna samarbeidsavtale for å tilpasse avtalen til nasjonale føringar for helsefellesskap og lokale behov spelt inn av partane sjølve i revisjonsprosessen. Dei mest sentrale endringane i revidert overordna samarbeidsavtale er:

- innarbeiding/eksplisitte referansar til nasjonale føringar for helsefellesskap som prinsippa for samhandling og samarbeid, prioritering av sårbare målgrupper og felles planlegging og styring av helsetenester
- formalisering av samhandlingsstruktur med 4 ulike nivå: Partnerskapsmøte, Strategisk samarbeidsutval (SSU), Områdeutval (OU) og Faglege samarbeidsutval.
- innføring av eit nytt overordna strategisk nivå i samhandlinga gjennom SSU. SSU skal medverke til å skape betre og meir forpliktande avgjerdsprosessar knytt til prinsipielle saker i samhandlinga som gjeld heile helsefellesskapet. Dei 4 områdeutvala (OU) skal ivareta behovet for dialog mellom kommunar og lokalsjukehus/ spesialisthelsetenesta med aktuelt sektoransvar, samt sikre oppfølging av saker som er geografisk avgrensa til eitt kommuneområde
- tenesteavtale 1 er tatt inn i revidert overordna samarbeidsavtale slik at generelle føringar og prinsipp som gjeld uavhengig av tenesteområde er samla ein stad i avtaleverket

- fastlegerepresentasjon i alle organ på alle nivå

- styrking av brukerrolla i samhandlinga. Det skal vere to brukarrepresentantar i alle organ på alle nivå. Brukarrepresentantane skal også medverke til å prioritere kva saker som skal handsamast i SSU  
- delt leiarskap i Samarbeidssekretariatet (SSe) mellom kommunane og spesialisthelsetenesta

### **Vurdering**

Avtalen peikar ut den strategiske retninga for samhandlinga i helsefellesskapet, og konkretiserer det overordna rammeverket for samarbeidet mellom kommunane og deira fastlegar, spesialisthelsetenesta og brukarar.

Strategiar og føringar i revidert overordna samarbeidsavtale skal operasjoniserast og iverksetjast gjennom årleg handlingsplan vedteke av SSU. Årleg felles handlingsplan skal òg byggje på overordna føringar frå partnerskapsmøtet, og sikre at helsetenestene i helsefellesskapet vert utvikla i tråd med både nasjonale og lokale styringssignal.

Det er eit mål at strukturen og samarbeidet er tilstrekkeleg dynamisk til å kunne tilpassast endringar i behov, føresetnader og føringar over tid. Dette vert blant anna sikra ved å gje SSU mandat til å opprette og avvikle faglege samarbeidsutval, nettverk og arbeidsgrupper. Det er i dei faglege samarbeida den konkrete samhandlinga om brukarar og pasientar skal utviklast. Både brukarar og fastlegar skal medverke i dette utviklingsarbeidet.

Revidert overordna samarbeidsavtale skal framfor alt resultere i eit betre tenestetilbod til pasientar og brukarar i helsefellesskapet. Det skal i tråd med nasjonale føringar vere eit særleg fokus på å utvikle gode tenester for barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidingar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidingar.

Sjølv om hovudansvaret for folkehelsearbeidet ligg utanfor helsetenesta, vil tilgongen til gode og koordinerte helsetenester også vere viktig for folkehelsa. Prioriteringa av dei fire brukargruppene i helsefellesskapet er eit grep som kan medverke til utjamning av sosial ulikskap i helse. Partane har inngått ein eigen tenesteavtale om samarbeid om førebygging.

### **Økonomiske og administrative konsekvensar**

Avtalens økonomiske og administrative konsekvensar er knytt til:

- frikjøp av fastlegar og brukarrepresentantar
- partane si deltaking i faste samarbeidsmøte og arbeidsgrupper
- finansiering av ressursar til Samarbeidssekretariatet
- drift av felles nettside

Partane i helsefellesskapet dekkjer sjølve sine utgifter. Kostnadar som partane er samde om skal finansierast i fellesskap, vert delt likt mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Den kommunale delen vert fordelt mellom kommunane etter folketal.

Det er etablert eit felles samarbeidssekretariat (SSE) med ein kommunal representant frå kvart av dei fire etablerte kommuneregionane, samt ein representant frå Haraldsplass Diakonale Sykehus og to representantar frå Helse Bergen.

Dei 18 kommunane i helsefellesskapet har fått innvilga eit tilskot frå Helsedirektoratet på 510.500 NOK i 2022 til ein felles kommunal sekretariatsfunksjon. Tilskotsummen er i 2022 likt fordelt mellom arbeidsgjevarkommunane til dei 4 kommunale ressursane i sekretariatet, og kjem i tillegg til den kommunale eigenfinansieringa (som i sum utgjer 115% årsverk i 2022). Det vil også bli mogleg å søkje på tilskotet i 2023. Partane må vurdere om sekretariatet er tilstrekkeleg dimensjonert til å ivareta oppgåvene som ligg i avtaleverket.

### **Konklusjon**

Kommunar og helseføretak skal inngå samarbeidsavtale (jf. Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 6-1 og Lov om spesialisthelsetjenesten m.m. § § 2-1 e.). Rådmannen vurderer at både prosessen med utarbeiding av dei nye avtalane og innhaldet i dei nye avtalane ivaretek kommunane sine ynskje og behov som har kome fram undervegs. Helseforetaka har i stor grad vore opptekne av at kommunane og helseforetaka er likeverdige partnarar i dette arbeidet, og kommunane i Nordhordland sine innspel har blitt innarbeidd i planverket. Rådmannen tilrår difor at kommunestyret sluttar seg til Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 slik den ligg føre.

## **Kommunestyret - 019/2022**

### **KS - behandling:**

Rådmann Jo Tømmerbakke orienterte om saka og svara på spørsmål  
Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1 gjev overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet. Avtalen gjeld mellom kommunane i Helse Bergen sitt føretaksområde, Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale Sykehus AS, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus AS, Solli distriktpsikiatriske senter, Betanien sykehus AS, og Voss Distriktpsikiatriske Senter NKS Bjørkeli.  
Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

**Modalen kommune sluttar seg til framlegg til revidert Overordna samarbeidsavtale og Tenesteavtale 1 – overordna føringar for samarbeidsstruktur og samarbeidsformer i helsefellesskapet**

### **Vedlegg:**

Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1\_revidert 2022.pdf

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland	FE-026	22/111

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/2022	Formannskapet	PS	10.05.2022
020/2022	Kommunestyret	PS	24.05.2022

## Forslag til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid gjeldande barnevernstenesta

### Forslag til vedtak:

**Modalen kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.**

**Rådmannen i Modalen får fullmakt til å overføre rådmannen si fullmakt for barnevernet til rådmannen i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.**

Rådmannen samarbeider med rådmennene i Osterøy og Vaksdal om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Modalen gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av kommunane Vaksdal, Osterøy og Modalen.

Kommunestyret i Modalen kommune ber rådmannen syte for følgjande:

1. Det vert avsett operativ støtte frå Modalen kommune i det interkommunale barnevernsamarbeidet i første virkningsår etter behov.
2. At ein får vurdert samarbeidet og førebur sak til kommunestyret i desember 2022, med tilråding om å fortsette eller seie opp samarbeidsavtalen. I ein eventuell oppseiingsperiode skal ein utgreie alternativ til vedteken modell.
3. At kommunestyret to gonger i året vert orientert om arbeidet i Osterøy, Vaksdal og Modalen interkommunale barnevern.
4. At kommunestyret vert orientert om handlingsplan og arbeid med å lukke avvika i Rapport frå tilsyn med barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar i Osterøy kommune 2022.
5. At det blir rapportert til kommunestyret om internkontroll etter Lov om barnevernstjenester (barnevernloven) § 2-1 og Kommunelova § 25-1 særskilt.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Modalen kommune har fram til d.d. kjøpt barnevernstenester av Vaksdal kommune. I 2021-2022 har Vaksdal kommune gjennomført utgreiing og vurderingsprosess saman med Osterøy kommune om eit mogleg interkommunalt samarbeid om barnevernstenester i desse kommunane. Modalen kommune har vore orientert, både gjennom informasjonsmøte internt og gjennom orienteringar i formannskapet og kommunestyret.

Vaksdal kommune og Osterøy kommune har i mars og april vedteke å inngå samarbeidsavtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for barnevernstenesta i Osterøy og Vaksdal kommunar. Modalen kommune er invitert til å delta i det interkommunale samarbeidet.

### Vurdering

Det er utarbeida ein samarbeidsavtale som omhandlar eit interkommunalt vertskommunesamarbeid om barnevernstenester mellom kommunane Vaksdal og Osterøy, der Osterøy kommune er vertskommune.

Modalen kommune har vore informert om prosessen, og avventa med involvering utover dette. Endringa som no skjer, gjer at Modalen kommune må ta stilling til vidare organisering av barnevernstenesta i Modalen kommune.

Barnevernstenesta i Vaksdal kommune har i fleire år hatt ansvar for barnevernstenesta i Modalen kommune. Tilbakemeldingane frå administrasjonen er at samarbeidet med Vaksdal kommune vert vurdert som godt og at ein har vore svært nøgd med kommunikasjonen og samhandlinga som har vore mellom tilsette i Modalen og Vaksdal barnevern. Det vert signalisert at ein i interkommunalt samarbeid om barnevernstenester i Osterøy og Vaksdal, ønskjer å vidareføre samhandling- og kommunikasjonsrutinar i vidare interkommunalt samarbeid.

Barnevernsreforma (også kalla oppvekstreforma) som trådde i kraft 1. januar 2022, gjev kommunane auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernstenesta, der intensjonen frå staten sin side er å gje kommunane moglegheiter for meir førebyggjande arbeid og samarbeid på tvers av tenester (jf. KS.no). I dialog med Osterøy og Vaksdal er det tydeleg fokus på å følgje opp dette, med særleg styrking av lokal forankring og styring. Mellom anna er det skissert i forslag til samarbeidsavtalen at barnevernstenesta skal vere til stades lokalt i kommunane etter tenestleg behov for barnevernstenesta. Vaksdal kommune stiller kontor- og møtelokale til disposisjon til lokal bruk for barnevernstenesta og for tverrfagleg samarbeid med andre relevante tenester i kommunen. Det er signalisert at det same vil gjelde for Modalen kommune dersom kommunestyret vedtek å inngå i vertskommunesamarbeidet.

Det er vidare skissert i forslag til samarbeidsavtale at vertskommunen skal løypande- og så snart som mogleg rapportere om tiltak som kan ha store økonomiske konsekvensar for samarbeidskommunen. Det skal opprettast eit samarbeidsråd med representasjon av barnevernleiar og kommunedirektørar ev. annan representant frå toppleiarnivået som kommunedirektøren bestemmer. Samarbeidsrådet skal ha møte to gonger i året. Rutinar for budsjettering og rapportering vil bli handsama i samarbeidsrådet.

### *Økonomi*

Fordelinga av administrative kostnader vert gjort ut frå innbyggjartal i gruppa under 18 år. Samansetjinga i dag er at Osterøy har 69 % og Vaksdal har 31 % av innbyggjarar i denne gruppa. Dersom Modalen kommune vert med, er dette ein relativt liten %-del inn i dette, og omslagsvis vil dette seie ein fordeling der Modalen har 3 %, Osterøy 68 % og Vaksdal 29 %. Kostnadane til personell og kontor for 2022 er budsjettert til 8,5 millionar kr for kommunane, og vil i så fall bli fordelt etter denne fordelingsnøkkelen. Tiltak som vert sett inn vert dekkja av kommunen som barnet bur i.

Denne fordelingsnøkkelen vurderast som gunstig for Modalen kommune. Erfaringsvis ser ein at fordelingsnøklar for liknande tenestesamarbeid i andre interkommunale samarbeid oftast opererer med ein fast grunnkostnad i tillegg til ein fordeling etter innbyggjartal. Rådmannen vurderer det som positivt at ein her vel ein slik kostnadsfordeling, og at det er naturleg at kostnader knytt til eventuelle tiltak vert dekkja av den kommunen barnet bur i.

### *Alternative samarbeid*

Modalen kommune har verken personal- eller økonomiske ressursar til å tilby eit robust barnevern aleine. Alternative samarbeid utanom samarbeid med Vaksdal og Osterøy, er eventuelt desse:

- Barnevernstenesta i Alver, Austrheim og Fedje kommunar
- Barnevernstenesta i Gulen og Masfjorden kommunar

Begge desse er interkommunale vertskommunesamarbeid. Modalen kommune har interkommunale samarbeid med alle desse kommunane innan andre tenesteområde, men har ikkje erfaring frå samarbeid om barnevernstenester. Det vert signalisert at fordelingsnøkkel for kostnader er noko anna enn den som er foreslått i vertskommunesamarbeidet mellom Vaksdal og Osterøy.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av forslag til avtaleutkast, og på grunnlag av det faglege og administrative samarbeidet som ein har hatt mellom kommunane, tilrår rådmannen at Modalen kommune inngår samarbeidsavtale om barnevernstenesta med kommunane Vaksdal og Osterøy.

Rådmannen set i gang arbeidet med å etablere vertskommunesamarbeid om barnevern med kommunane Vaksdal og Osterøy, der Modalen kommune er ein likestilt samarbeidspart.

## **Formannskapet - 014/2022**

### **FOR - behandling:**

Rådmann Jo Tømmerbakke og assisterande rådmann Tonje Husum Aarland orienterte innleiingsvis i saka.

Kristin Nåmdal lag fram forslag om å stryke punkt 2 og 4 i forslag til vedtak.

Nytt forslag til vedtak vart samrøysta vedteke.



## **FOR - vedtak:**

**Modalen kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.**

**Rådmannen i Modalen får fullmakt til å overføre rådmannen si fullmakt for barnevernet til rådmannen i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.**

Rådmannen samarbeider med rådmennene i Osterøy og Vaksdal om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne ramar, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Modalen gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av kommunane Vaksdal, Osterøy og Modalen.

Kommunestyret i Modalen kommune ber rådmannen syte for følgjande:

1. Det vert avsett operativ støtte frå Modalen kommune i det interkommunale barnevernsamarbeidet i første virkningsår etter behov.
2. At kommunestyret to gonger i året vert orientert om arbeidet i Osterøy, Vaksdal og Modalen interkommunale barnevern.
3. At det blir rapportert til kommunestyret om internkontroll etter Lov om barnevernstjenester (barnevernloven) § 2-1 og Kommunelova § 25-1 særskilt.

## **Kommunestyret - 020/2022**

### **KS - behandling:**

Ass. rådman Tonje Husum Aarland innleia i saka, og det vart vist til orienteringa frå oppvekstsjef i Osterøy kommune Olaf Hella orienterte om planane for barnevernssamarbeidet under orienteringssaker, sak 018/2022.  
Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

**Modalen kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.**

**Rådmannen i Modalen får fullmakt til å overføre rådmannen si fullmakt for barnevernet til rådmannen i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.**

Rådmannen samarbeider med rådmennene i Osterøy og Vaksdal om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne ramar, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Modalen gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av kommunane Vaksdal, Osterøy og Modalen.

Kommunestyret i Modalen kommune ber rådmannen syte for følgjande:

1. Det vert avsett operativ støtte frå Modalen kommune i det interkommunale barnevernsamarbeidet i første virkningsår etter behov.
2. At kommunestyret to gonger i året vert orientert om arbeidet i Osterøy, Vaksdal og Modalen interkommunale barnevern.
3. At det blir rapportert til kommunestyret om internkontroll etter Lov om barnevernstjenester (barnevernloven) § 2-1 og Kommuneleva § 25-1 særskilt.

**Vedlegg:**

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy og Vaksdal barnevern

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	22/126

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
021/2022	Kommunestyret	PS	24.05.2022

## Høyring om betre polititenester og beredskap

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune sender høyringsuttale i tråd med administrasjonen sine svar på spørsmåla i høyringsbrevet

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Justis og beredskapsdepartementet sendte i februar 2022 brev til kommunane med ynskje om svar på ein del spørsmål knytt til vurderingar rundt ynskje om betre polititenester og beredskap. I høyringsskrivet vert det vist til at det i Hurdalsplattformen går fram at Regjeringa vil opprette polititenestestader i dialog med kommunane og politidistrikta på stader der det er eit lokalt ønske om det, og geografiske faktorar eller kriminalitetsbildet tilseier at det bør verte oppretta. Det er sagt at det skal opprettast 20 nye tenestestader, og arbeidet skal starte i 2022. For at desse nye tenestestadene skal lokaliserast der behovet er størst, ber regjeringa om innspel frå kommunane.

Kommunane sin frist for å komme med innspel til Justis- og Beredskapsdepartementet er 1.6.2022.

Politiet har i politiråd over tid orientert kommunane i Nordhordland om bemanningssituasjonen og utfordringar rundt organisering med 2 dagspatruljer der det med eit stort distrikt og by som nabo ofte vert ein kamp om ressursar. Politiet lokalt meiner at mykje av innhaldet i denne Kvalitetsreformen er innfridd. Å styrke beredskapen i distriktet har dei imidlertid ikkje lukkast med. Kommunane i Nordhordland har tidlegare delt sine erfaringar og utveksla tankar om kva ein ikkje har vore nøgd med i samband med reformen i fleire politiråd. Det vil difor vere naturleg at randkommunane i Nordhordland vil vere ganske samstemte i sine høyringssvar.

## Vurdering

Justis- og beredskapsministeren ber om svar frå kommunane på fylgjande spørsmål;

### **1. Hvilke utfordringer mener dere kommunen vil stå overfor innenfor områdene forebygging, beredskap og sivile tjenester de neste årene?**

Svar: Me ser at det er klare utfordringar knytt til beredskapen i vår region: Sentralisering av tenestene inneber at kommunane lokalt må ta større ansvar – overta meir i faktiske hendingar. Kommunen har brannmannskap med First Responder helsekunnskap. Det er viktig at dette ikkje vert ei kvilepute for andre etatar. Me kan ikkje understreke nok kor viktig det er at tilsette i polititenesta bur og lever i lokalsamfunna våre. Etter gjennomført nærpolitireform har randkommunane/distrikta i Nordhordland fått svekka sin beredskap betydeleg når politioressursane er flytta og sentralisert i Knarvik. Det har ein viktig førebyggjande effekt at tilsette bur og arbeider i lokalsamfunnet. Alle veit kven politiet er. I beredskapsarbeidet betyr det også mykje at kommunen veit kven me skal samarbeide med i ein beredskapssituasjon. Det er ei utfordring for kommunen at mykje ressursar frå nabokommunane vert slusa inn mot bysentrum. Avstandar i distrikta vert undervurdert og det får konsekvensar i form av manglande flåtestyring og igjen svekka beredskap. Tenesta må kunne organiserast med ein meir desentralisert struktur. 2 år med pandemi har vist oss at det går an å jobbe desentralisert samstundes som det er mogleg å vere ein del av eit fagleg miljø sjølv om ein ikkje bur i byar.

### **2. Er kommunen tilfreds med politiets bemanningsutvikling, tjenestestedstruktur og tjenestetilbud? Hvis ikke, hva er årsakene?**

Svar: Som skildra over er kommunen ikkje nøgd med utviklinga. I hendingar er det kommunen sin erfaring at politiet som oftast kjem sist på skadestaden. Avstandar i distriktet vert undervurdert og politiet er for langt borte når det skjer noko. Tilstrekkeleg ressursar må knytast til lokalt kontor slik at me oppnår kortare responstid frå politiet. Viktig at politiet har lokalkunnskap.

### **3. Både kommunen og politiet har ansvar for å sikre innbyggernes trygghet og gode tjenester. Hvordan kan polititjenestene og samarbeidet mellom kommunen, politiet og ev. andre lokale aktører som nabokommuner og fylket videreutvikles for å sikre dette? Hvilke ressurser ser kommunen for seg at de kan avsette til videreutvikling av samarbeidet om å sikre innbyggernes trygghet?**

Svar: Kommunen har ressursar og prioriterer dette arbeidet innanfor eit bredt fagspekter. Me er budd på eit endå tettare samarbeid med politiet for å sikre innbyggerane sin tryggleik. Me som kommune er nøgd med samarbeidet med lokal politikontakt og lokalt politi. Me opplever at politiet og lokal politikontakt leverer på det som gjeld samarbeid på dei faste, avtalte arenaer t.d. førebyggjande arbeid knytt til skular og faste politirådsmøte med kommunen. Vi opplever og at det er lett å få kontakt med både politikontakt og politiet i saker der ein ynskjer å rådføre seg eller diskutere lokale problemstillingar.

### **4. Hva er ønsket utvikling når det gjelder tilgjengeligheten til politiets tjenester? - Via et tjenestested i politiet? - Via fysisk tilstedeværelse annet sted enn på et tjenestested? - Via fysisk oppmøte? - Via telefon? - Via internett?**

Svar: Ein kombinasjon er naturleg. Det er forventa at sivile publikumstenester i større grad skal løysast digitalt. Lokal tilstedeværelse er likevel svært viktig. Politiet må vere meir synleg. Det skaper trygghet i lokalsamfunnet. Viktig med lokalkunnskap og forståing hjå operasjonssentralen slik at distriktet ikkje vert tappa for ressursar. Erfaringsmessig er det mykje flåtestyring mot Bergen – gjer at utrykkingstida aukar i distriktet.

**5. Ønsker kommunen et nytt tjenestested i politiet? Hvis ja, kan kommunen tilby lokaler, for eksempel samlokalisering med andre kommunale tjenester?**

Kommunane Solund, Gulen og Masfjorden har samla seg om ein tenestestad på Hosteland. Reformen førte til at tilsette forsvann frå dette kontoret. Modalen kommune støttar at denne tenestestaden vert oppbemanna på ein bærekraftig måte som gjer at beredskapen vert tilfredsstillande i heile politidistriktet.

**Kommunestyret - 021/2022**

**KS - behandling:**

Ordfører Kjetil Eikefet orienterte nærare om høyringsbrevet om betre polititjenester og beredskap og rådmann svarte på spørsmål.

Samrøystes vedteke

**KS - vedtak:**

**Modalen kommune sender høyringsuttale i tråd med administrasjonen sine svar på spørsmåla i høyringsbrevet**

**Vedlegg:**

Brev til kommunene om bedre polititjenester og beredskap.docx